

Jobbnorge-ID: 112609

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Universitetslektor i norsk som andrespråk

Universitetet i Stavanger har ledig årsvikariat som universitetslektor i norsk som andrespråk ved Det humanistiske fakultetet, Institutt for kultur- og språkvitenskap. Stillinga er ei undervisningsstilling og er ledig frå 01.08.2015.

Fagområdet for stillinga er undervising på årsstudiet Norsk språk og kultur for internasjonale studentar. Målgruppa er studentar med andre førstespråk enn norsk, som etter eit år med norskstudium tek eksamen på trinn 3. Det overordna målet for faget er at studenten skal nå det norskspråklege nivået som må til for å følge eit gradsstudium ved ein høgskule eller eit universitet i Noreg.

Arbeidsoppgåvene vil vere førebuing, undervising, rettleiing og eksamensarbeid relatert til det aktuelle fagområdet, samt administrative oppgåver.

Søkjarar til stillinga må ha utdanning og kompetanse innafor fagområdet norsk som andrespråk. Søkjarar må ha minimum utdanning på mastergradsnivå. Søkjarar med erfaring frå undervising i norsk som andrespråk frå universitet eller høgskule vert føretrekt.

Den som blir tilsett, bør ha dokumentert pedagogisk basiskompetanse.

Bruk av varierte undervisningsmetodar et eit satsingsområde ved universitetet. Den som blir tilsett må vere innstilt på å ta i bruk ulike metodar og ulike digitale læringsressursar.

Universitetslektoren vil delta på NyTi, som er universitetets rettleiings- og integreringsprogram for nytilsette som skal undervise.

Undervisningsspråket vil vere norsk, men den som blir tilsett, må òg vere førebudd på å gje ein del undervising på engelsk det første semesteret. Det er ynskjeleg at den som vert tilsett har kontrastiv kompetanse i fleire framandspråk.

Stillinga blir løna etter Statens lønnsregulativ l.pl 17.510. Universitetslektor blir løna etter kode 1009, ltr. 50-60, kr 429.700 - 509.100 bto. pr. år. I særlege tilfelle kan høgare løn bli vurdert.

Stillinga gjev automatisk medlemskap i Statens Pensjonskasse som sikrar gode pensjonsrettar. Medlemar kan søkje bustadlån til gunstige vilkår.

Stillingsomtala gjer nærare greie for fag- og ansvarsområde, arbeidsoppgåver, kvalifikasjonskrav og andre tilhøve som vil bli vektlagde ved tilsetjing.

Søkjarar kan få nærare opplysingar om stillinga ved å vende seg til eller instituttleiar Odd Magne Bakke, tlf 51 83 23 41, e-post odd.m.bakke@uis.no. Opplysningar om tilsetjingsprosessen kan ein få ved å vende seg til HR-rådgjevar Kristine Nordbø Røgenes tlf 51 83 35 16, epost kristine.n.rogenes@uis.no.

Vitnemål, attestar, publikasjonsliste, inntil 15 publikasjonar og ev annan dokumentasjon som du ønskjer det skal takast omsyn, ber vi deg lasta opp som vedlegg til søknaden. Last opp alle vedlegg som separate filer. Hvis vedlegga overskrir 15 MB til saman må dei komprimerast før opplasting.

Stillingsomtale

Tilsetjing gjeld generelt ved Universitetet i Stavanger. Organisatorisk er stillinga knytt til Det humanistiske fakultetet, Institutt for kultur- og språkvitenskap.

Fagområdet for stillinga er undervising på årsstudiet Norsk språk og kultur for internasjonale studentar. Målgruppa er studentar med andre førstespråk enn norsk, som etter eit år med norskstudium tek eksamen på trinn 3. Det overordna målet for faget er at studenten skal nå det norskspråklege nivået som må til for å følge eit gradsstudium ved ein høgskule eller eit universitet i Noreg.

Arbeidsoppgåvene vil vere førebuing, undervising, rettleiing og eksamensarbeid relatert til det aktuelle fagområdet, samt administrative oppgåver.

Søkjarar till stillinga må ha utdanning og kompetanse innafor fagområdet norsk som andrespråk. Søkjarar må ha minimum utdanningsnivå på mastergradsnivå. Søkjarar med erfaring frå undervising i norsk som andrespråk frå universitet eller høgskule vert føretrekt.

Stillingsinnehavaren vil få eit særleg ansvar for ei gruppe på om lag 25 studentar som skal førast fram mot trinn 3-eksamen for universitet og høgskular.

Undervisningsspråket vil normalt vere norsk, men den som blir tilsett må òg vere førebudd på å gje ein del undervising på engelsk det første semesteret.

Søkjarar må kunne dokumentere pedagogiske kvalifikasjonar i form av universitetspedagogisk kurs eller annan pedagogisk utdanning. I særlege tilfelle kan dokumentert undervisningserfaring bli vurdert som likeverdig.

Opplysningar og materiale som det skal takast omsyn til i den sakkunnige vurderinga, må vere innleverte innan søknadsfristen. Eventuelle referansar skal det informerast om i søknaden eller på førespurnad.

Aktuelle søkjarar vil bli innkalla til intervju og prøveforelesning før det blir gitt endeleg innstilling. I den samla vurderinga av søkjarane vil òg personlege eigenskapar bli lagt vekt på.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: